

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 Oslo

Fråsegn: Kapasitetsjustering av løyver til akvakultur med matfisk i sjø av laks, aure og regnbogeaure i 2026

Sunnhordlandsrådet IPR, som representerer kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes, reagerer med sterk uro på regjeringa sitt forslag om nytt nedtrekk i produksjonskapasiteten i Produksjonsområde 3 (PO3), området frå Karmøy til Sotra. Forslaget inneber endå ein reduksjon i eit produksjonsområde som allereie har fått betydelege kapasitetskutt dei siste åra.

Havbruk er ei av dei viktigaste framtidsnæringane i Sunnhordland og utgjer eit sentralt grunnlag for busetjing, sysselsetjing og verdiskaping langs kysten. Næringa skaper ringverknader langt utover sjølve matfiskproduksjonen og er avgjerande for leverandørindustri, foredling, transport og ei rekkje kompetansearbeidsplassar. Nye kapasitetskutt får difor konsekvensar langt utover oppdrettsanlegga.

Trafikklyssystemet er for einsidig

Kommunane støttar målet om å redusere miljøpåverknaden frå havbruk og understrekar at utviklinga av næringa må vere berekraftig. Samstundes meiner vi at nye kapasitetsreduksjonar må byggje på eit breiare, meir heilskapleg og betre dokumentert kunnskapsgrunnlag enn det som ligg føre i dag. Trafikklyssystemet byggjer i hovudsak på vurderingar av lakseluspåverknad på vill laksefisk. Sjølv om dette er ein viktig miljøindikator, meiner vi den ikkje åleine gir eit tilstrekkeleg grunnlag for så omfattande reguleringar av ei heil næring.

Eit meir heilskapleg system bør mellom anna omfatte:

- rømmingssikring
- fiskevelferd
- biosikkerheit
- utslepp til miljø
- dokumenterte miljøforbetringar
- investeringar i ny teknologi
- dokumenterte resultat frå den enkelte lokaliteten og verksemda

Gode aktørar må premierast

Dagens reguleringssystem skil i for liten grad mellom verksemdar som over tid dokumenterer gode miljøprestasjonar og verksemdar som har større miljøutfordringar. Aktørar som dokumenterer låge lusetal, god fiskevelferd, låg risiko for rømming, låge utslepp og høg biosikkerheit bør få uttelling gjennom reguleringssystemet. Dette bør gjelde både verksemdar som investerer i ny teknologi og verksemdar som oppnår tilsvarende resultat gjennom god drift. Eit system som ikkje premierer dokumenterte resultat, svekkjer incentiva til kontinuerleg miljøforbetring. Dette bør gjelde både verksemdar som investerer i ny teknologi og verksemdar som gjennom god drift oppnår tilsvarende

miljøresultat med eksisterande teknologi. Eit system som ikkje premierer dokumenterte resultat, svekkjer incentiva til kontinuerleg miljøforbetring.

Innovasjon må lønne seg

Sunnhordlandsrådet meiner dagens system i for liten grad tek omsyn til investeringar som har som mål å redusere miljøpåverknaden utover det trafikklyssystemet fangar opp. Når slike prosjekt blir behandla på same måte som ordinære kapasitetsutvidingar, blir incentivet til innovasjon svekka. Dette harmonerer dårleg med dei nasjonale måla om teknologiutvikling og grøen omstilling.

Manglande vurdering av samfunnsverknader

Sunnhordlandsrådet meiner det er ei vesentleg svakheit at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av nye kapasitetskutt ikkje er betre utgreidde. Arbeidsplassar, lokal og regional verdiskaping, leverandørindustri, busetjing og livskraftige kystsamfunn må vere ein del av det samla beslutningsgrunnlaget.

Kunnskapsgrunnlaget

Kommunane stiller spørsmål ved om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg breitt.

Kapasitetsreduksjonar blir i hovudsak grunngjevne med påverknad frå lakselus på villaks. Samstundes finst det fleire andre faktorar som påverkar villaksbestandane, mellom anna klimaendringar, sjukdom, vassdragsreguleringar og andre menneskeskapte påverknader. Vi meiner desse faktorane bør vurderast samla når ein skal regulere produksjonskapasiteten.

Vi viser og til at Havforskningsinstituttet har peika på at utslepp av næringssalter frå havbruk utgjer ein avgrensa del av den totale naturlege omsetninga i kystvatnet. Dette illustrerer at miljøpåverknaden i norske fjordar er samansett og bør vurderast i eit breiare perspektiv.

Framtidige kapasitetsjusteringar bør

- Byggje på fleire miljøindikatorar enn lakselus åleine
- Premiere dokumenterte miljøresultat hos den enkelte verksemd
- Gje større utteljing for investeringar i ny teknologi og dokumenterte miljøforbetringar
- Belønne aktørar som over tid dokumenterer låg miljøpåverknad gjennom god drift
- Stimulere til innovasjon framfor å likestille alle driftsformer
- Gje vertskommunane større medverknad
- Sikre stabile og føreseielege rammevilkår for ei næring med lange investeringshorisontar

Avslutningsvis

Ved Stortinget si handsaming av havbruksmeldinga vart regjeringa beden om å utvikle eit meir heilskapleg og grundig kunnskapsgrunnlag for havbruket si miljøpåverknad, med større openheit om metodar og modellar. Sunnhordlandsrådet meiner det er uheldig at nye kapasitetskutt blir foreslått før dette arbeidet er fullført, og ber om at det varsla nedtrekket i produksjonskapasiteten i PO3 ikkje blir gjennomført før eit breiare og meir heilskapleg kunnskapsgrunnlag ligg føre, og konsekvensane for verdiskaping, sysselsetjing og kystsamfunn er betre utgreidde.

Sunnhordland, 31. juli 2026

Morten Helland
Rådsordførar

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar